

Arkivkode: 000
Saksmappe: 2023/3089
Sakshandsamar: Morten Anthonessen
Dato: 06.02.2024

SAKSFRAMLEGG

Utval sak	Utval	Møtedato
16/24	Formannskapet	22.02.2024

Høyring - søknad om endra plassering av inntaksdam for Alsaker Fjordbruk AS sitt settefiskanlegg - Onarheim

Innstilling frå rådmannen

Tysnes kommune har vurdert søknaden å vera i samsvar med og innanfor føremåla i Alsaker Fjordbruk AS – reguleringsplan for gnr.152 bnr. 99 – Onarheim.

Tysnes kommune er positiv til søknaden.

Formannskapet sin behandling av sak 16/2024 i møte den 22.02.2024:

Framlegg i møte

Behandling

Ordføraren sette fram framlegg til vedtak i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Samrøystes.

Vedtak

Tysnes kommune har vurdert søknaden å vera i samsvar med og innanfor føremåla i Alsaker Fjordbruk AS – reguleringsplan for gnr.152 bnr. 99 – Onarheim.

Tysnes kommune er positiv til søknaden.

Bakgrunn

Alsaker Fjordbruk AS har løyve til å regulere Onarheimsvatnet og ta ut vann frå Onarheimselva i Tysnes kommune. Det er planlagt å etablere et nytt anlegg til produksjon av settefisk og postsmolt.

Formålet med vassuttaket er å etablere ei sikker vassstilførsel i samband med utviding av smoltproduksjon og bygging av resirkuleringsanlegg.

NVE har hatt ein gjennomgang av innsendt detaljplan for miljø og landskap.

I tilbakemelding på planen, skriv de i e-post datert 05.09.2023, at de meine at endringane frå konsesjonssøknaden til ferdig prosjektert ny dam er så vidt store, at det er ønske om at det vert sendt inn egen planendringssøknad for tiltaket



Reguleringsplan med tiltak

Saksutgreiing

Det finnes ein naturleg terskel i terrenget på kote 18, ved å demme opp vatnet til denne koten vil ein få eit reguleringsareal på ca. 570m².

Eksisterande dam som ligg på kote 14, og gjev i dag eit oppdemt areal på om lag 200m².

Det er ikkje planlagt regulering, men eit fast vasspegel på kote 18 tilpassa driftsbehova i nytt anlegg.

Fiskeanlegget kan ikkje ha stopp i tilførsel av driftsvatn.

For å sikre vassstilførsel må det eine vassuttaket kunne fungere som eit reserveuttak som kan nyttast ved rehabilitering/vedlikehald eller feil ved hovuduttaket



Planlagt dam

NVE sine «kart for aktsomhetsområder» syner at inntaksdammen ligg innafor utsett sone for flaum, jord-, flaum- og snøskred.

Då uttaket av vatn er lite samanlikna med flaumvassføringa, og vassdraget tidlegare har vore regulert over lengre tid, vurderer NVE at det omsøkte tiltaket vil ha liten påverknad på flaum, ras og skred i og ved vassdraget.



Dagens situasjon

Økonomi

Tiltaket er privat og vil ikkje krevje kommunal medverknad i investering eller drift.

Miljø og berekraft

Nye dam vert eit vandringshinder for ål, konsesjonen krev kravbøtande tiltak.

Utforminga av inntaket og tiltak for opp- og nedvandring av ål, er gjort i samarbeid med fiskebiolog.

Ny dam byggjer høgare i terrenget og den vert plastra på nedstrøms side, noko som vil gjere at den går meir i eitt med landskapet rundt og står fram som meir «nedtona og dempa».

I reguleringsplanen for vassinntaket er det ikkje vist andre område bandlagt for kulturminne.

Vestland fylkeskommune vil svare på saka som høyringsinstans.

[FNs berekraftsmål](#)

Delmål i fleire av berekraftsmåla kan leggst til grunn ved vurdering av søknaden

.



Bedre utnytting av vatn i alle sektorar, sikre berekraftig uttak av og tilgang til ferskvatn



Oppnå berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar.



Oppgradere infrastruktur og omstille næringslivet til å bli meir berekraftig, med meir effektiv bruk av ressursar og meir bruk av reine og miljøvennlege teknologiformer og industri prosesser.

Vurdering

Produksjon av settefisk og postsmolt lokalt er positivt, det er kort veg og lite trong for transport på vegnettet,

Oppsummering og konklusjon

Søknaden er i samsvar med føremål i gjeldande reguleringsplan, avbøtande tiltak for inngrepa er planlagt. Det er ein endring/utviding av eit pågåande vassuttak og inga ny situasjon for Onarheimsvatnet eller elveløpet. Rådmannen vil rå til at kommunen er positiv til søknad om endra plassering for inntaksdam.